



## Lakseprisen falt

**OSLO.** Eksportprisen på fersk laks var 25,65 kroner per kilo i uke 1, en nedgang på 2,8 prosent fra uka før. Det var tredje uke på rad med fall. Det ble eksportert 11.785 tonn fersk laks i årets første uke, en oppgang på 21,2 prosent.



## - Usanne rykter

**OSLO.** Næringsminister Trond Giske (Ap) avviser bestemt at han skal ha antydning at styreleder Harald Norvik i Telenor står i fare for å miste jobben. – Det er kategorisk usant. Det må være mulig å være uenig i utflaggingen av TV 2 uten å bli utsatt for ryktespredning, sier Giske til NTB. Anonyme kilder sier til flere aviser onsdag at Giske skal ha sagt at Norviks tid som styreleder i Telenor kan være over. Uttalelsene skal ha falt under et nachspiel.

# Muslingar utan gift

## ■ Glede etter laboratoriesvar frå Aureelva

– Elvemuslingen er sterkt truga i verda. Ettersom Sykkylven har så stor del av den totale bestanden er det viktig at vi tek vare på dei vi har, seier miljø- og landbrukskonsulent Karl Johan Stadsnes.

**SYKKYLVEN.** I fjor haust gjennomførte Stadsnes frå Sykkylven kommune og Fjordlab feltundersøkingar i Aureelva.

Målet var å finne ut om muslingane er blitt påverka av tungmetall frå utslepp, spesielt frå den gamle fyllinga på Haugset.

– Vi fanga inn muslingar både i elva ovanfor fyllinga, og nedanfor, fortel Karl Johan Stadsnes.

## Kjem det eit større utslepp, kan 90.000 muslingar døy

KARL JOHAN STADSNES

**Gladmelding.** Og no har altså gladmeldinga kome frå laboratoriet: Det er funne svært låge verdier av tungmetall i prøvene.

– Dette er verkeleg ei gladmelding for oss, seier Stadsnes.

– Noko av målsetjinga bak dette prosjektet var å stadfeste om fangdammane som vart laga for å fange opp utslepp frå fyllinga, verkeleg fungerer. Det gjer dei altså, legg han til.

Stadsnes fortel at det er ikkje mange andre levande vesen i ei elv som er meir utsett for forureining, enn nettopp muslingar.

**Rein elv.** Så når dei nærast er fri for forureining, må det også bety at elva er rein.



**PRØVETAKING.** Karl Johan Stadsnes, miljø- og landbrukskonsulent i Sykkylven kommune, plukkar elvemuslingar som skal til vidare analyse, på jakt etter tungmetall og miljøgifter. FOTO: JAN ARNE HOLM/FJORDLAB

## ELVEMUSLING

■ **Elvemusling** (Margaritifera margaritifera) lever i ferskvatn på den nordlege halvkule – i temperert, rennande vatn.

■ Den kan bli fleire hundre år gammal, og lever av mikroorganismar som den filtrerer ut av vatnet med gjellene.

■ Arten er utryddingstruga, hovudsakleg på grunn av forureining. Over store delar av verda er den allereie utrydda.

■ Muslingen var freda i Norge i 1993.

■ Bestanden i Norge er blant dei sterkaste i verda, men den er truga også her og står på raudlista over sårbare artar.

KJELDE: WIKIPEDIA

– Vi hadde eit tilfelle for ei tid tilbake der mykje fisk vart funne daude i Aureelva. Det var ein vekkar for oss. Vi fann aldri årsaka, men indisia var låg vassstand og lite oksygen på grunn av høg jarnkonsentrasjon i vatnet.

**Freda.** Elvemuslingen vart totalfreda i Norge i 1993. Særleg i Sør-Norge er talet på muslingar på veg ned. Men framleis er bestanden i Norge blant dei største i verda.

Berre i Aureelva reknar ein med at det er 100.000 muslingar. – Men dei er svært sårbare. Kjem det eit større utslepp, kan 90.000 muslingar døy på kort tid, seier Stadsnes.

Han har no informert Direkto-



**REINSAR.** Ein elvemusling filtrerer 50 liter vatn i døgnet. Dette reinsar vatnet og har stor betydning for økosystemet. FOTO: FJORDLAB



**ALDER.** Elvemuslingane kan bli over 200 år gamle. Muslingen til venstre er om lag ti år, den til høgre kan vere over 80. FOTO: FJORDLAB

ratet for naturforvaltning om prøveresultata frå Aureelva.

TERJE ENGÅS  
terje.engas@smp.no